

Ryddeaksjonen held fram - hent plastsekker på SPAR.

03.05.2018



Hent grøne spesialsekker på SPAR.

Slagorda er: *Heile Noreg ryddar. Ingen kan ta alt, men alle kan ta litt.* Med dette vert vi oppmoda om å rydda plast og søppel der vi bur, i nærområde og langs vegane og elva. NRK sin store ryddedag er faktisk i dag, torsdag 3. mai, men det er ikkje for seint til å gjera ein innsats for ein rein natur fri for plast og søppel. Den store Standryddeaksjonen i regi av SIM er i tida 7. - 9. mai. Då vert det sett ut konteinrar.

Uskedal utvikling hadde plastrydding og anna rydding oppe som sak på sist styremøte. Oppmodinga er at alle ryddar sitt private område, si strand og det ein som grunneigar eig langs elva. Elveeigarlaget har årsmøtevedtak på å rydda og det er avsett midlar på budsjettet til dette føremålet.

Ei oppsummering:

- Korsneset Vel, Halsbrotet Vel og Skårhaug Vel rydda sine bustadfelt
- Dei som driv næring, ryddar sine område
- Skulen og barnehagen ryddar område rundt skulen og Kunsten
- Friluftslaget ryddar og klargjer Stemneplassen til nasjonaldagen, på dugnad onsdag 9. mai
- SPAR saman med skulen ryddar i sentrum før 17. mai
- Det er alt rydda og planta i båthamna
- Soknerådet har hatt dugnad på kyrkjegardsgjerde og område rundt
- Det vert rydda langs Fylkesvegen mot Rød og mot Steinsletto
- Strandryddinga held fram
- Plogging er det nye. Du joggar og plukkar bos på ein og same turen

Vi er kjende med fleire gode tiltak. Alle gjer det ein maktar.

Dersom du treng grøne spesialsekker, hent på SPAR.

Hugs: Ingen kan ta alt, men alle kan ta litt.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Gunn Mari Moberg